



Veke 11: Referat frå møtet 15. mars 2023

Vi var 20 til stades på dette møtet, medrekna to gjester frå Brevik Rotaryklubb – president *Lene Ursula Nilsen* og *Øyvind Sjølie Karlsen*, som er leiar i PR-komiteen.

President Anne Wiik Stamsø opna møtet med diktet «Han tør», som Inger Hagerup (1905–1985) gav ut i diktsamlinga *Strofe med vinden* (1958). Diktet er eit paradeeksempel på den metaforen som dei gamle grekarane kalla *prosōpopoia* ‘ansiktsskaping’ og som vi kallar *personifisering* – her med vinteren framstilt som ein gamal mann.



Han tør
Av Inger Hagerup

Jeg våknet av at noe
var utenfor i natt.
Det surklet og det sukket
så underlig forlatt.

Det var den gamle vinter
som gikk og sa farvel.
Han stabbet rundt på støle bein
og snakket med seg selv.

Han famlet mot mitt vindu
et valent øyeblikk.
Jeg så den store blinde hånd
mot ruten før han gikk.

Så spyttet han og harket
et gammelt rustent: Hø!
og labbet ingensteder hen
dypt i sin egen snø.

Emnet for møtet var førebuinga av *Rotaryleikane*, som går av stabelen laurdag 25. mars klokka 10.30–14.00, med frammøte for oss rotarianarar frå Brevik og Langesund kl. 9.30. Dette var også grunnen til at vi hadde to gjester frå Brevik RK.

Detaljert plan med arbeidsoppgåver finn de i dei to Excel-dokumenta som alle fekk tilsendt frå president Anne onsdag kveld.

Langesund, fredag 17. mars 2023,
Rolf Theil